



Mobil og nettvett



Vassenden skule er mobilfri skule

Ansvar	Respekt	Omsorg
➤ Eg har sjølv ansvar for dei orda eg vel å bruke, og unngår å bruke negative og stygge ord ➤ Eg held passorda mine for meg sjølv; dei er heilt private ➤ Eg er forsiktig når eg har kontakt med ukjende på nettet. Ingen får opplysningar om adresse, telefonnummer, personnummer og bankopplysningar ➤ Eg veit det er utrygt å gjere avtalar med ukjende. Om eg skal møte nokon, tek eg med ein vaksen eg stolar på ➤ Finn eg digitalt utstyr som eg ikkje eig, så leverer eg det straks til ein vaksen på skulen eller heime ➤ Eg har mobiltelefon, digitale klokke og anna kommuniserande utstyr innlevert til skulen heile skuledagen	➤ Eg tenkjer meg om før eg trykkjer send. Eg veit at det eg legg ut på nettet kan lesast av «heile verda,» og ikkje forsvinn ➤ Eg skaffar meg godkjenning av dei eg vil ta bilete/film/lydopptak av før eg fotograferer/tek opptak. ➤ Eg skaffar meg godkjenning av dei det gjeld før eg legg ut bilete, film, lydopptak eller informasjon om andre. Om eg eller dei er under 15 år, er det foreldra våre som skal gi godkjenning før noko vert lagt ut ➤ Eg respekterer andre sine profilar, brukarnamn og passord ➤ Eg respekterer aldersgrenser på sosiale medium, spel og appar ➤ Eg respekterer at medelevar har ulike typar mobiltelefonar, og at enkelte ikkje har telefon ➤ Eg veit at «Bry deg!» og stopp-regelen også gjeld for nett og mobil	➤ Eg tenkjer før eg legg noko ut på nettet. Er det sant? Er det smart? Vert nokon sårå? ➤ Eg seier ifrå til ein vaksen om eg opplever at eg, eller andre, vert plaga, krenka eller mobba (t.d. negativ omtale, bruk av stygge bilete, hacking, negative anonyme meldingar mot seg, stelt identitet m.m.) ➤ Eg fortel til ein vaksen når eg oppdagar at andre bryt reglane for mobil og nettvett ➤ Eg gir beskjed til ein vaksen dersom eg veit at andre er inne på kontoar som ikkje er deira egne ➤ Eg er meg sjølv, og eg er ikkje anonym, når eg er på nettet. Eg oppfører meg ikkje annleis på nettet enn eg gjer til vanleg, og eg gir meg ikkje ut for å vere nokon annan

Mobil og nettvettreglane er del av skulen sine skulereglar, jf. § 10-7 i Opplæringslova. Regelverket erstattar tidlegare regelmatriser ved Vassenden skule, og vert sett i kraft 1.8.2026. Medlem i Skulemiljøutvalet kan fremje forslag til endring og evaluering av skulereglane.